

PRESSEMELDING

18. august 2023

Fjord1 bidreg sterkt i Vestland si første miljøsatsing innan hurtigbåt: Set inn tre hurtigbåtar med ny teknologi

Den nye generasjonen hurtigbåtar til bybåtrutene i Bergen er no bestilt. Låg- og nullutsleppsteknologi gjev svært reduserte utslepp.

Fjord1 har inngått avtale med Kystekspresen om kjøp av to fartøy, som begge skal byggast om til framtidens hurtigbåtar. I tillegg har selskapet signert kontrakt med Brødrene Aa i Hyen for leveranse av eit nybygg.

Fjord1 skal drifte bybåtrutene Knarvik-Frekhaug-Strandkaien (Nordhordlandsruta) og Kleppstø-Strandkaien (Askøyruta) i 15 år, frå 2025 - 2040. Innan oppstart skal Fjord1 sørge for utbygging av ladestasjonar på Knarvik og Askøy.

På Askøyruta vert tilbodet forbetra med to fartøy, mot dagens eine. Dette vert nullutsleppsfartøy med kapasitet til 275 personar. Hurtigbåten som skal trafikere Nordhordlandsruta er lågutsleppsbasert og reduserer karbonavtrykket stort. Denne båten får kapasitet til 199 personar om bord. Alle fartøya er bygde for å gje passasjerane ei saumlaus reise med god plass om bord og eigne plassar til sykkelparkering.

Driftsdirektør i Fjord1, André Høyset, er svært glad for å bidra til Vestland fylkeskommune si store miljøsatsing:

- *Med Fjord1 sine nye bybåtar er dette eit sterkt bidrag til den store miljøsatsinga, noko vi sjølv sagt er svært stolt over. Vi har ei lang historie med hurtigbåt og gler oss til å setje i drift dei første nullutslepp-hurtigbåtane i Vestland fylke. Dette er ein historisk milestolpe med overgang til fornybar energikjelde også på hurtigbåt. Vi takkar fylkeskommunen for tilliten og ser fram til ein spennande byggjeperiode framover, både med ladestasjonar, nybygg og ombyggingar.*



Vestland fylkeskommune har høge ambisjonar i arbeidet med klimaomstilling, og kompetanseorganet Skyss har i fleire år arbeidd med omstilling av hurtigbåtar.

- *Vi ser veldig fram til at Skyss kan levere eit betra tilbod der sterke miljøkrav også ligg til grunn, seier fylkesordførar Jon Askeland og held fram:*
- *Vestland har teke på seg ei grøn leiartrøye i dette arbeidet, og vi er glade for at næringslivet leverer. Det som no skjer her i vest, vekker også interesse andre stader, både innanlands- og i utlandet.*

Kontaktperson i Fjord1:

Driftsdirektør André Høyset, mobil: 915 20 807. andre.hoyset@fjord1.no

Om Fjord1: Fjord1 har si kjerneverksemd innan ferjetransport, og er det leiande ferjeselskapet i Noreg. Selskapet har også aktivitet knytt til hurtigbåt, catering og fjordbasert reiseliv. Fjord1 er eit innovativt selskap med store ambisjonar innan til dømes det grøne skiftet og ny teknologi. Målsetnaden er å vere best på miljøvennleg og påliteleg transport. Hovudkontoret er i Florø, og det er om lag 1100 tilsette i selskapet.

Om Skyss: Skyss har ansvaret for det offentlege tilbodet av buss, bybane, båt og ferje i Vestland fylke. Skyss skal vere eit samla kompetanseorgan for mobilitet og kollektivtrafikken i fylket, og skal sikre dei politiske måla som fylkestinget set for kollektiv- og mobilitetstenester. Skyss og Kringom vart slått saman då Hordaland og Sogn og Fjordane var eitt fylke i 2020.

